

Frå Naturvernforbundet i Kvam

Til Kvam herad

Kopi til Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland

5610 Øystese 31. mai 2021

Uttale til Lingalaks AS sin søknad om ny plassering («anleggskonfigurasjon») ved lokalitet Tveitnes (30717) i Kvam herad

Naturvernforbundet i Kvam er klar over at uttalen vår kjem nokre dagar etter fristen. Jon Nedkvitne i Kvam herad gav oss løyve til det på epost midt i sist veke.

Lingalaks har no drive med oppdrett ved Tveitnes sidan 2010. Det vert søkt om å større merdar og flytting lengre ut i fjorden grunngjeve med å : «optimalisera drifta med omsyn til miljøtilhøve». I søknaden vert det sagt at utsleppa frå anlegget har samla seg i eit søkk og at dei vil flytta merdane til eit område med betre botntopografi. Dette vert støtta av dei årlege miljøundersøkingane (MOM-C) der Tveitnes i meir enn halvdel av undersøkingane er karakterisert som dårleg frå 2010 til 2018 (Kjelde : ABO arkitekter: Utgreiing – Akvakultur i sjø, kommuneplan, Kvam herad, 28.02.2019).

Når det vert søkt om flytting er det grunn til å tru at Lingalaks berre vurderer verknaden på miljøet oppdrettsindustrien. I søknaden vert det ikkje nemnt noko om kva utsleppet i 10 år har hatt å seia for dyrelivet i det området som er øydelagt. Naturvernforbundet i Kvam meiner at det ikkje kan vera rett å berre få løyve til å flytta ringane og la møk og avfall spreia seg over eit nytt og større område. Utsleppa speier seg ut minst 1 til 1, 5 km frå anlegget. Det vert lite opplyst, men det er god grunn til å tru at det er viktige gyteområde for mellom anna raudlistearten blålange og kveite. Korallskogane som truleg finst i området kan verta øydelagde av slam. Slike område er viktige for at fiskeyngel og småfisk får god og trygg oppvekst.

Manglar ved søknaden

Denne og liknande søknadar fortel ikkje kor stor og kva ureining ein kan forventa. Det einaste talet me har å retta oss etter er MTB 2340 tonn. Så er det opp til oss og andre å talfesta ureininga med meir eller mindre godt kvalifiserte reknestykke. Både me som vil ta vare på fjorden vår og styresmaktene må forlanga at den som ureinar, i dette tilfelle oppdrettaren, søker om eit talfesta utsleppsløyve for ureininga. Når eit anlegg vert flytta må det også setjast krav om opprydding.

Rundt rekna 10.000 tonn forspill og møk i sjøen på 10 år

For å få eit overslag over ureininga frå anlegget ved Tveitnes gjennom 10 år, set

Naturvernforbundet opp dette reknestykket:

Gjennomsnittleg produksjon i året 2000 tonn, på 10 år: 20.000 tonn. Det vil seia eit forforbruk på 22.000 tonn. Etter vanlege omrekningar tilsvarar det eit utslepp på 10.000 tonn forspill og møk. Det inneheld igjen omlag 700 tonn nitrogen, 125 tonn fosfor og 2500 tonn organisk stoff. Her er det snakk om runde omrekningstal, henta frå fleire kjelder. Viss oppdrettsnæringa eller andre kan opplysa om andre og sikrare tal, må dei koma med dei.

Me viser også til uttalen vår om oppdrettsanlegga ved Mælen i Ullensvang og ved Kvamsøy i Kvam.

Naturvernforbundet i Kvam, Oddvar Soldal, styremedlem